

Hjelp frå ei anna røyst

- Ein treng ei anna røyst som kan snakka til borna om det som har skjedd, så må ein ikkje vera så klok når ein sjølv slit med å halda hovudet over vatnet, seier Anne Kristin Aasmundtveit.

TEKST:

Arne Olav L. Hageberg

PUBLISERT 1. januar 2007



VED GRAVA: Mamma Anne Kristin Aasmundtveit og dottera Ranveig Sofie ved morfar si grav.

Foto: Lars O. Flydal.

I 2001 døyde far hennar brått. Rundt seg hadde ho ei dotter på fem år og to større born på 12 og 14.

- Eg trong ei bok som kunne hjelpa meg å formidla til ungane om brå død og kremering, men fann det ikkje, fortel Aasmundtveit.

- I veka mellom dødsfallet og bisettinga, då eg jobba så mykje med meg sjølv, og då alt var så uverkeleg, var det å lesa for den minste noko av det einaste eg makta å gjera. Men det fanst ingen barnebøker som tok opp kremering.

Ein blome til ven

Som det skrivande mennesket ho er, arbeider Anne Kristin Aasmundtveit seg gjerne igjennom ting ved å formulera dei i tekst. Så òg med faren sin bortgang.

– Det var uungåeleg at eg sette meg ned og skreiv om det. Det å mista ein forelder gjer at ein kjem nær barnet i seg sjølv, hevdar Aasmundtveit.

– Den som sørgjer, er barnet. Då eg miste far min, var det seksåringen utan fortenner og med fletter som gret.

Men ein kan ikkje setja eigne kjensler rett på papiret og venta at det skal bli ei god bok. Ein treng ein viss avstand, elles vil resultatet bli altfor rått.

Aasmundtveit, som til dagleg arbeider som redaktør i Verbum forlag, ser at det var eit dårleg manuskript, men folka på IKO-Forlaget ana eit potensial i teksten. For å gjera historia om ein lang redigeringsprosess kort: I 2003 kom boka *Barnet og treet* om den vesle jenta som har mist bestefaren, og som luftar tankane ho ber på, også om kremeringa, til treet i hagen.

– Eg tok utgangspunkt i min eigen femåring som dansa framom ein orkide og sa til meg: «Det er ikkje alle som er så heldige at dei har ein blome til ven.» Medan eg arbeidde med boka, spurte eg henne om born kan snakka med tre. Først såg ho litt rart på meg og spurte om eg meinte på ordentleg eller på leik. Då eg svara at eg meinte på leik, svara ho ja med eit veldig lurt blikk, som om ho delte ein løyndom med meg.



III.: Hilde Kramer. Frå boka *Gule roser til pappa*.

Riktig melodi

I den nyaste boka, *Gule roser til pappa*, er utgangspunktet eit anna. Denne voks ut av historia til Lisbeth Wabakken som opplevde å mista mannen i kreft. Også ho fann seg leitande etter ei barnebok som ikkje var å oppdriva: om det å mista ein av foreldra i sjukdom. Det fanst mykje om besteforeldre som døydde, men altså ikkje om foreldre. Wabakken og dei to sønene tok med seg historia si til IKO-Forlaget. Forlaget tok i sin tur kontakt med Anne Kristin Aasmundtveit og illustratøren Hilde Kramer. Saman fekk dei møta familien.

– Vi blei veldig gripne og gret saman med dei, men tenkte òg at det ferdige resultatet må bli ei anna historie, fortel forfattaren. Dei to gjorde historia til si eiga, mellom anna gjennom å friska opp eigne møte med kreft og død.

For Aasmundtveit handlar skrivinga mykje om å finna riktig språknivå, eller riktig melodi, som ho kallar det.

– Ikkje før den vesle guten Fredrik dukka opp i hovudet mitt med alle spørsmåla sine, var språket der, seier ho.

Hovudpersonen i boka er midt i «kvifor-alderen» og får til fulle bruk for alle spørsmåla sine i møte med sjukdom og død: «Hvorfor er pappa syk?», «Hvorfor gråter mamma?»,

«Hvordan er i morgen?», «Hvordan er død?», «Hvorfor har ikke mamma svar?» spør han, og får heller få eller ingen svar enn dårlege og overflatiske.

– Born tenkjer ofte djupt, men dei manglar ein overbygnad som kan gje ei heilskapsforståing. Men brokkane er ofte veldig djupe, seier Aasmundtveit, som er oppteken av aldri å gje overflatiske svar.

– Gjev ein julenissesvar til borna når dei er små, endar det med at dei forkastar alt når dei blir ti år og avslører enkeltløgnene, seier forfattaren. Bøkene hennar er berarar av eit tydeleg religiøst håp om at døden ikkje er slutten på alt, men dei lèt likevel spørsmåla stå utan svar der sikre svar ikkje finst.

Ordentlege ting

Forfattaren Sverre Henmo har sidan debuten i 1999 skrive ei rekke bøker, mellom anna *Når dinosaurer gråter*, som handlar om Martin som misser bestefaren sin. Dette åleine skulle kvalifisere han til eit intervju om litteratur for born om sorg. Han er i tillegg leiar av Norske Barne- og Ungdomsbokforfattere (NBU) sitt litterære råd, som har som oppdrag å lesa det som kjem av skjønnlitteratur for born og unge her til lands.

– *Blir det skrive mykje om born og sorg?*

– Ja, det er ein god del. Eg vil ikkje seia at vi er tilbake i 1970-talet sin sosialrealisme, men det er ein tendens til at ein skal skriva om ordentlege ting for tida. Ganske mange bøker handlar til dømes om jamaldrande som får kreft, seier Henmo.

– Bøkene er realistiske i forma, og er ikkje prega av ytre dramatikk. Dei handlar om sjølve tilstanden borna er i – om det å takla livets realitetar. Men det er noko Sverre Henmo har merka seg som undrar han:

– Det er lite religiøst i handsaminga av desse temaa. Bøkene handlar om her og no, noko som er rart med tanke på all trua her i landet. Nesten alle er jo medlemmer i kyrkja. Men det er få i bøkene som finn trøyst i religionen.

– *Kvar finn dei den då?*

– Hjø foreldre og vener. Der det er foreldre som er døde, finn dei ofte trøyst hjå vener. Der vener dør, er det omvendt, fortel Henmo.

– Men nokre er først om fremst einsame. Eg tenkjer at sorg er ein einsam ting.

– Samstundes er det få historier der ingen rundt borna ser sorga deira. Dei er omgjevne av folk som ønskjer å trøysta. Så borna blir sett – i alle høve i litteraturen.

– *Du fortel at det blir skrive mange bøker som tek opp born og unge si sorg. Kan det vera at forfattarar gjer dette for å fylla ein marknad? Det vil jo alltid finnast sorg.*

– Det kan jo vera, men eg trur ikkje det er tilfellet. Det er heller det at sorg kjennest ordentleg og ekte å skriva om. Dessutan må vi forfattarar ta tak i våre eigne erfaringar når vi skal skriva. Døden er ein av dei grunnleggande tinga vi blir utsette for. Dei fleste forfattarar har forsøkt å skildra den første store forelskinga. Død og sorg er den andre store kjensla ein møter når ein grev i seg sjølv, avsluttar Sverre Henmo.

Hjelp i bokjungelen

Ved Deichmanske Bibliotek i Oslo fortel bibliotekar Kari Folvik at det er ganske mange som spør etter bøker om sorg.

– *Har de tilrådingslister som de går ut frå når de skal rettleia lånarane?*

– Nei, men vi har såkalla emnelister som er søkbare. Desse inneheld både faglitteratur og skjønnlitteratur, og ligg tilgjengeleg på Internett (www.deichmanske-bibliotek.oslo.kommune.no).

Folvik dreg òg fram diktregisteret – ein godt gøymt løyndom for mange. Gjennom åra har bibliotekarane laga eit kartotek som inneheld tittelen og første linje på alle dikt i alle diktbøker i samlinga. Dette er no digitalisert. Gjennom å klikka seg inn på heimesidene til biblioteket kan altså kven som helst slå opp nesten kva som helst av norske dikt, sjølv når ein bare hugsar eit par ord i første strofe. Det er snakk om kring 200 000 dikt. Ein kan jo til dømes søkja på emneorda sorg og born. Eller ein kan gå inn på pasient/pårørende-sidene på www.ullevaal.no. Der finst det ei eiga bok- og filmliste frå universitetssjukehuset sitt sorgstøttetilbod for born og unge. Men i første omgang kan ein sjå på lista på dei to neste sidene i Tidsskriftet.

LES OGSÅ

Bøker om sorg

Dette er noe av det som finnes av skjønnlitterære bøker om sorg for barn og unge.

Teksten sto på trykk første gang i Tidsskrift for Norsk psykologforening, Vol 44, nummer 1, 2007, side 35-38

TEKST:

Arne Olav L. Hageberg, Journalist og nettansvarleg i Psykologtidsskriftet